

**Alle tre laga til sluttspelet!**

31.07.2007

**Deltakarlaga våre har hatt ein flott dag i Norway Cup på Ekebergsletta. Etter flott innsats også i dagens kampar, er det klart at alle laga går til sluttspel. Både smågutar-93 og småjenter-93 vann sine respektive puljer. Dei er dermed kvalifisert for A-sluttspel. Smågutar-94 var nr.3 i si pulje og går dermed til B-sluttspel.**

Smågutar-93 spela ein svært god kamp mot Veblung/Isfjord 2. Dei hadde problem med å få mål på sjansane sine, og det såg ut til å gå mot 0-0 og poengdeling. Storscorar Vegard Ludvigsen ville det annleis. I siste minutt fekk han ballen på midtbanen, lada skotfoten slik vi veit han kan, og resultatet vart ein susar av beste merke. Den gjekk forbi alt og alle og i mål. Dermed enda kampen 1-0, og puljesigeren var sikra.

Småjentene spela nok ein god kamp då dei møtte Skotfoss COOP i kveld. Etter scoring av Ingebjørg Oppheim vann også dei 1-0. Dermed kunne både spelarane og alle tilhengarane sleppa jubelen laus. Også dei hadde vunne pulja si, og var dermed klare for A-sluttspelet.

Smågutar-94 møtte i dag eit godt Korsvoll-lag. Kampen enda med 0-1 tap, men gutane har likevel grunn til å vera fornøgd. Dei har levert god innsats, og resultatet var godt nok til å sikra sluttspelplass. Dei er og sikra plass i andre runde i sluttspelet då dei fekk walk over i første. I andre runde møter dei Notodden 2.

Trekningen for dei andre laga var ikkje klar i skrivande stund.

Vi gratulerer alle tre laga og ønskjer dei lukke til vidare i turneringa.

Av Thor Inge Døssland